

SAK 41/13 FELLES FORLIKSråD FOR HALLINGDAL, VURDERING

Saksopplysing

På Regionrådet sitt møte 14. oktober 2013 vart det orientert om arbeidet med vurdering av felles forliksråd og arbeid for eit eventuelt rettssenter for Hallingdal.

Saka kan sjåast på som to fasar:

1. Spørsmålet om etablering av felles forliksråd
2. Spørsmålet om å etablere eit Lokalt rettssenter i Hallingdal.

For å etablere eit felles forliksråd er det krav i domstollova § 27 sjette ledd at det er eit felles sekretariat. Politiet er i dag sekretariat for forliksråda jf. domstollova § 27 femte ledd. Før sak om felles forliksråd blir sendt ut til handsaming i den enkelte kommune må Politiet bli ein del av saka. Det blir derfor føreslege at Regionrådet går i dialog med Nordre Buskerud politidistrikt for å avklare dette. Politiet bør avklare fordelar og ulemper med ei slik endring. Politiet bør også seie noko om korleis dei vil etablere eit felles sekretariat og om det er behov fleire enn ei avdeling ut frå saksmengda i Hallingdal. Dette bør gjerast i dialog med medlemane i dagens forliksråd.

Etter at nødvendige avklaringar er gjort hjå Politiet blir saka sendt til handsaming i kommunane.

Når det gjeld spørsmålet om å etablere eit Lokalt rettssenter vil Regionrådet støtte dette og understrekar viktigheita for innbyggjarane i Hallingdal at slike tenester framleis skal vera i Hallingdal.

Framlegg til vedtak:

1. Regionrådet for Hallingdal ser det som aktuelt å etablere eit felles forliksråd for Hallingdal.
2. Regionrådet for Hallingdal vil gå i dialog med Nordre Buskerud politidistrikt med tanke på å etablere eit felles forliksråd for Hallingdal. Der m.a. felles sekretariatsfunksjon må avklarast.
3. Etter at nødvendige vurderingar og avklaringar er gjort skal saka sendast kommunane for vidare handsaming.
4. Regionrådet for Hallingdal støttar arbeidet med å etablere eit Lokalt rettssenter for Hallingdal, og vil i det vidare arbeidet ta ein koordinerande rolle.

Hemsedal 27.11.2013

Sveinung Halbjørhus
Leiar rådmannsutvalet